



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

Fordeling av skjønnsramma for 2021 - Rogaland

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 22. juni 2020 om fylkesvise skjønnsrammer for 2021. Vi er bedne om å gi ei skriftleg grunngiving for fordelinga av skjønnsramma til kommunane og at det må framkomme kor stor del av samla skjønnsramme som ikkje blir fordelt no.

Kommunane i Rogaland fylke er for 2021 tildelt ei skjønnsramme på 58 mill. kroner. Ramma har blitt redusert med 5 mill. kroner, ei reduksjon på om lag 8 % frå i fjor. 2021-ramma utgjør 121 kroner per innbyggjar, mot 132 kroner i fjor.

Fylkesmannen har gjennomført fordelinga i tråd med føringar i tildelingsbrev og retningslinjer. For å styrka dialogen med kommunane har vi i år kravd at kommunane må levera oppdaterte skriftlege innspel på behov og tilhøve som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet, for å bli vurdert for tildeling av skjønnsmidlar. Det er nytt at vi stiller eit slikt krav, og dette har blitt kommunisert til kommunane gjennom regionale møte, brev og Kommuneøkonomidagen. Vi har fått innspel frå 20 av 23 kommunar i Rogaland. Innspela har utgjort ein viktig del av vurderingsgrunnlaget vårt for tildeling av skjønnsmidlar, saman med Fylkesmannens samla kunnskapar om kommunane, og enkle analysar basert på tall frå KOSTRA, KS og andre innrapporterte tal.

Basisfordeling for 2021

Fylkesmannen har i denne runden fordelt 45,1 mill. kroner i skjønnsmidlar til 19 av kommunane i fylket. Bak tildelinga til kvar kommune ligg ei vurdering av den overordna økonomiske situasjonen og reelle behov, og kunnskapar om på kva område dei opplever større utfordringar som ikkje blir kompensert tilstrekkeleg gjennom inntektssystemet. Vi har mellom anna gjort ei vurdering av det økonomiske handlingsrommet til kommunane, med hjelp av KS sin analyse på området¹, og inntektsnivå korrigert for variasjonar i utgiftsbehov. I vurderingane som ligg til grunn for fordelinga, har vi gjennom fleire år lagt vekt på særleg høge utgifter til ressurskrevjande brukarar, store utfordringar på rus-/psykiatriområdet, behov for legevaktbåt og høge kostnader grunna språkdeling.

¹ [Lenkje til KS sin analyse av kommunenes økonomiske handlingsrom](#). I Rogaland er 6 kommunar «gule» med moderat økonomisk handlingsrom, og 17 kommunar «grønne» med større grad av økonomisk handlingsrom.



I år har vi samkøyrtd fordeling av skjønnsmidlar grunna språkdeling med den ordinære fordelinga nå på hausten, i staden for å ha ei eiga fordeling av midlar til språkdeling på nyåret, slik vi tidlegare har gjort. Dette tiltaket skal styrka den heilskaplege vurderinga som ligg til grunn for skjønnsfordelinga. Ekstraklasser som følgje av reglane for språkdeling er ikkje eit moment som blir tatt omsyn til i inntektssystemet. Vi har valt å fordela midlar til alle kommunar som har meldt frå om slike ekstraklasser. For kommunar med mindre økonomisk handlingsrom har vi fordelt med utgangspunkt i eit litt høgare beløp i forhold til talet på ekstraklasser enn for kommunane med større økonomisk handlingsrom. Enkelte kommunar melder om at dei har store ekstra kostnader knytt til desse klassane, og at det er uheldig at prosessen med delvis kompensasjon gjennom skjønnsmiddel er så uføreseieleg.

Sidan skjønnsramma er redusert med omtrent 8% har vi tatt utgangspunkt i ein generell reduksjon på omtrent 10% i tilskotet til kvar kommune som har pleidd å få skjønnsmidlar, samanlikna mot i fjor og vurdert mot tidlegare år. Dette gjeld ikkje kommunar som har mindre økonomisk handlingsrom enn andre, eller som har meldt inn nye utfordringar vi meiner kvalifiserer til skjønnsstilskot. Ei konkret vurdering er gjort for kvar kommune.

Fordeling per kommune:

Kommunenr	Kommunenavn	Skjønn i hele kroner
1101	Eigersund	2 700 000
1103	Stavanger	2 500 000
1106	Haugesund	4 600 000
1108	Sandnes	600 000
1111	Sokndal	2 000 000
1112	Lund	1 270 000
1114	Bjerkreim	-
1119	Hå	-
1120	Klepp	6 500 000
1121	Time	2 000 000
1122	Gjesdal	2 600 000
1124	Sola	1 000 000
1127	Randaberg	2 900 000
1130	Strand	4 200 000
1133	Hjelmeland	900 000
1134	Suldal	-
1135	Sauda	2 150 000
1144	Kvitsøy	1 250 000
1145	Bokn	1 800 000
1146	Tysvær	1 200 000
1149	Karmøy	1 750 000
1151	Utsira	-
1160	Vindafjord	3 180 000
	Sum ordinært skjønn	45 100 000
	Til fornying og innovasjon	10 000 000
	Restmidlar	2 900 000
	Sum	58 000 000



Eigersund kommune får tilskot som følgje av ein eldre avtale om kompensasjon for den interkommunale verksemda Uninor, der kommunen ikkje sender refusjonskrav til dei andre Dalane-kommunane. Ei heilskapleg vurdering av situasjonen for kommunen og andre utfordringar ligg òg bak tildelinga med ein nedtrapping.

Stavanger kommune får tilskot som følgje av kostnader til legevaktsbåten i Ryfylke, ei ordning som er i samarbeid med Hjelmeland og Kvitsøy. Tilskotet er trappa ned.

Haugesund kommune har betydeleg større utfordringar enn fylkessnittet knytt til rus og psykiatri, og får framleis tilskot på dette grunnlaget, men med ei nedtrapping.

Sandnes kommune får tilskot som følgje av 4 ekstra klasser grunna språkdeling.

Sokndal kommune opplever større utfordringar innan barnevern, og har fleire elevar med spesialundervisning og ASK-vedtak, enn fylkessnittet. Saman med ei heilskapleg vurdering av kommunens situasjon får dei tilskot, men med noko nedtrapping.

Lund kommune har òg særlege utfordringar knytt til barnevernet, i tillegg til ekstra utfordringar som følgje av språkopplæring og minoritetsspråklege elevar. Saman med ei vurdering av den økonomiske situasjonen for kommunen får dei ein svært liten reduksjon i tilskotet samanlikna med i fjor.

Klepp kommune har 15 ekstraklasser grunna språkdeling, og opplever dette som kostnadskrevjande. Kommunen peiker på at dei har landets høgaste prosentdel ekstraklasser. I tillegg har dei betydeleg høgare eigendel (målt per innbyggjar) for ressurskrevjande brukare enn fylkessnittet. Kommunen får derfor tilskot, men med noko nedtrapping.

Time kommune opplever bortfall av midlar knytt til ressurskrevjande tenester som no faller utanfor toppfinansieringsordninga. Kommunen har mindre økonomisk handlingsrom, og i ein overgangsfase vurderer vi at kommunen skal få ekstra tilskot. I tillegg får kommunen tilskot for 5 ekstraklasser på grunn av språkdeling.

Gjesdal kommune har 4 ekstraklasser som følgje av språkdeling. Saman med ein heilskapleg vurdering av kommunens økonomiske handlingsrom, og samansette utfordringar, får dei ein lav reduksjon i tilskotet.

Sola kommune har 8 ekstraklasser som følgje av språkdeling, og får derfor tilskot.

Randaberg kommune har høgast eigendel (målt per innbyggjar) i fylket knytt til ressurskrevjande brukarar. Dei har òg mindre økonomisk handlingsrom, og får derfor ei forsiktig nedtrapping i tilskotet.

Strand kommune har spesielt store utfordringar knytt til rus og psykiatri. I tillegg har dei ei høg andel elevar i friskular, noko som gir krevjande konsekvensar av trekk- og kompensasjonsordninga for omfordeling basert på elevar i private skular. Kommunen har 6 ekstraklasser på grunn av språkdeling. Saman med ei heilskapleg vurdering får dei ein mindre reduksjon i tilskotet.

Hjelmeland kommune får tilskot på grunn av kostnadar knytt til legevaktsbåten i Ryfylke.

Sauda kommune har ei ekstraklasse som følgje av språkdeling. I tillegg får kommunen kompensasjon for økt arbeidsgivaravgift, for siste gong.



Kvitsøy kommune får tilskot knytt til legevaktsbåten i Ryfylke, og redusert tilskot som følge av en heilskapleg vurdering av kommunen sin situasjon.

Bokn kommune opplever særskilt stor innverknad på økonomien som følge av ressurskrevjande tenester, og får derfor tilskot, men med ei nedtrapping.

Tysvær kommune får tilskot på grunn av 9 ekstraklasser som følge av språkdeling.

Karmøy kommune har 3 ekstraklasser som følge av språkdeling. I tillegg er det gjort ei heilskapleg vurdering av kommunen sitt utfordringsbilette, og dei får tilskot med nedtrapping.

Vindafjord kommune får kompensasjon for økt arbeidsgivaravgift for siste gong, og ein reduksjon i tilskot etter andre generelle vurderingar.

Nedtrapping DA-kompensasjon

Kompensasjon for økt arbeidsgivaravgift har utgjort ein vesentleg del av skjønnsramma for Rogaland. Vi har gjennomført nedtrapping av denne kompensasjonen frå 2015, for kommunane Sauda, Finnøy og Vindafjord. Dette er siste gang vi fordeler midlar til DA-kompensasjon.

1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	(2022)
Sauda	6 616	5 800	5 800	5 500	5 000	4 400	3 300	2 000	0
Finnøy	3 606	3 200	3 200	3 000	2 750	2 400	0	0	0
Vindafjord	9 726	8 500	8 500	8 000	7 300	6 500	4 800	3 000	0
Sum	19 948	17 500	17 500	16 500	15 050	13 300	8 100	5 000	0

Fordeling gjennom budsjettåret 2021

Det er sett av 12,9 mill. kroner til fordeling gjennom budsjettåret. Denne restpotten består av 10 mill. kroner til fornyings- og innovasjonsprosjekt og 2,9 mill. kroner til ordinær reserve til naturhendingar/kriseskjønn.

Til fordeling gjennom året	2021	2020
Rest/kriseskjønn	2 900	5 900
Prosjektskjønn	10 000	6 000
Sum	12 900	11 900

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent